

Møtebok frå årsmøte i Silda Velforening

på Silda Grendahus påskeaftan, 30. mars, 2013

1. Velkomen v/Kjell Rune Gangsø

2. Valg av møteleder og referent.

Kjell Rune Gangsø vald som møteleiar Paul Sundnes som referent.

3. Styret si årsmelding.

Styreleiar las opp årsmeldinga som var utdelt til interesserte.(sjå nedanfor)

Kommentarar til årsmeldinga:

a. Ole kunne opplyse at kaia si belysning er godkjend utan at det vert sett opp armatur.

Mottekne armatur vert å returnere til kommunen, og laget slepp arbeidet med oppsetjing av desse.

b. Det vart stilt spørsmål til om behovet for slike lys på holmen, og kva tidshorisont ein har med tiltaket, og om styre hadde ein plan for el.tilkopling.

Det vart også stilt spørsmål til om Silda Velforening heller burde akkumulere kapital for å få reasfaltering av vegane. Kva som skjer i framtida er det uråd å vite. Styreleiar presiserte at master, med armatur, var skaffa gratis av Torkveen. Praktiske løysingar ved montering og teknisk løysing vert styret si sak å utgreie.

Vedtak:

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend

4. Regneskap for 2012.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjend. (sjå nedanfor)

5. Budsjett for 2013, samt fastsetting av medlemskontingent.

Styret sitt framlegg har ramme på 25.000 kr, kontingenten er ca 20.000 kr.

Det vart stilt spørsmål til å løyve meir enn årskontingenten-inntekta.

Alternativt framlegg til styre sitt budsjett: «Styret får fullmakt til å disponere inntil 20.000 kr i 2013»

Vedtak:Styret sitt framlegg vart vedteke - mot ei røyst.

Medlemskontingenten vart vidareført med kr 300 - samrøystes

6 Val: Valnemnda sin leiar Anita Christensen la fram nemnda sitt framlegg.

Styremedlemar på val :

Paul Sundnes, og Liv Wik Silden. Funksjonstid 2 år. Liv W.Silden ønskjer ikkje attval

Framlegg: attval av Paul Sundnes

nytt medlem Geir Kvalheim

Vedtak: ved akklamasjon, utan motkandidatar.

Varamedlemar på val:

Sindre Langlo, og Jorun Sætren. Funksjonstid 1 år. Sindre Langlo ønskjer ikkje attval

Framlegg: attval av Jorun Sætren

nytt medlem Leif Magne Wik

Vedtak: ved akklamasjon, utan motkandidatar.

Revisorer. på valg.

Eva Silden, og Karin Nyheim. Funksjonstid 1 år.

Framlegg: attval

Vedtak: ved akklamasjon.

Ein av representantane vert leiar.

Valgkomite. Disse står på val kvart år. Dei aksepterer attval.

Anita Christensen, og Unni S. Hennøen. Funksjonstid 1 år.

Vedtak: ved akklamasjon

7 Behandle innkomne saker.

a. Slått langs vegar og fellesareal.

Det har vore folk som ønskjer å gjere ein innsats for fellesskapet men ikkje har hatt tilgang til nødvendig utstyr eller bensin.

Styret må finne ei løysing på korleis dette skal organiserast og lage instruksar ved oppslag i kaikontaineren.

b. Utstyr til vedlikehald/slått.

OPPLYSNING: (Drøfta med Hans Fure): Dei tre plenklipparane i leskuret kan fritt brukast til fellesskapet sitt beste. Dei to gamle er 2-takt-maskinene har skapt mykje plage. SildaVel kjøpte ny Honda 4-taktsklippar 2011, som skal brukast til felles vedlikehald. I kaikontaineren er der kant/ryddemaskin som også fritt kan brukast av fellesskapet.

Bensin må haldast av fellesskapet (styresak)

c. Ekspressbåten til Silda.

Paul Sundnes var i 2012 i kontakt med Tide for å få anløp på Silda. Vi vart då ikkje avvist men kunne ikkje få noko svar før det nye reiarlaget hadde fått nok erfaring.

Paul vil, i samband med tur til Bergen, prøve å få kontakt med reiarlaget for å drøfte anløp ved behov. Vil ha med nødvendig biletdokumentasjon. Argument med auka tal passasjerar til ruta frå og til Bergen må brukast. Første trinn vert å få anløp på fredag kveld.

8. Eventuelt

Vi fekk forslag om å søkje tilskot til prosjekt frå

Marine Harvest Fondet www.marineharvest.com/no

Paul Sundnes
reff.